



## Fylkesmannen i Oslo og Viken

SØRE STEINSLAND BEITELAG  
v/ Audun Seilen Hartveit  
5282 LONEVÅG

Vår dato:

05.06.2019

Vår ref:

2019/28690

Dykkar dato:

Dykkar ref:

19/7277

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Lene Thorud, 32266717

## Tilsegn om tilskot til tiltak i beiteområde 2019 - Søre Steinsland beitelag

Fylkesmannen syner til Søre Steinsland Beitelag sin søknad av 11. mars 2018 om tilskot til investeringar i beitefelt, oversend frå Modalen kommune 14. april 2018. Grunna teknisk svikt har ikkje søknaden komen inn til Fylkesmannen før i vinter. Vi ber om orsak for at svar på søknaden ikkje kjem før no.

### Setjefylkesmann

Vi syner til brev frå Det Kongelege kommunal- og moderniseringsdepartement frå 18. mars 2019 der Fylkesmannen i Oslo og Viken vert oppnemt som setjefylkesmann for handsaming av søknadar om tilskot til tiltak i beiteområdet for 2019. Dette vart gjort på grunn av inhabilitet til Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen i Vestland si landbruksavdeling har førebudd saka.

### Generelt

I år sökte 41 beitelag om tilskot til investeringar i beitefelt som gjeld tiltak i Hordalandsregionen. Her var det til saman sökt om tilskot til 75 ulike tiltak. Åtte tiltak har fått avslag, og i ein sak er det ikkje teke avgjerd. Søknadane for Hordaland vart vurdert i samråd med Beiteutvalet i Hordaland og Fylkesmannen si landbruksavdeling 5. april 2019. I år var det i denne regionen ca. 1,1 millionar kroner til fordeling mellom dei innkomne søknadene, inkludert noko inntrekte midlar frå tiltak med utgått arbeidsfrist. Søknadene er behandla etter forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde av 4. februar 2013, nr. 206. Fylkesmannen skal også legge dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (§§ 8-12), jf. § 7 til grunn i vurderinga. Tilskotet vert i tillegg løyvd på vilkår av at lover og reglar for organisert beitebruk vert følgd (sjå § 9 i forskrift om regionalt miljøprogram i Hordaland 2018 om *godkjenning og krav til beitelag*).

I 2019 vert det løyvd tilskot etter denne fordelinga:

- Elektronisk sporingsutstyr: tilskot på 800 kr per eining for GPS bjøller. Telespor og Smartbjølla vert støtta med 400 kr. Tilskotet er avgrensa til maksimalt 50 % av tal vaksne søyer i beitelaget.
- Saltsteinsautomatar: tilskot på 500 kr per stykk.



- Samlehegner og sankehegner, inkl. lettgrinder: tilskot på inntil 40 % av kostnadsoverslaget.
- Bruer til føring av dyr: tilskot på inntil 40 % av kostnadsoverslaget.
- Andre tiltak, som meir kostnadskrevjande arbeid i hegner, ferister og bruer med større dimensjonar: tilskot på inntil 20 % av kostnadsoverslaget.
- Arbeidet vert støtta med 350 kr/time, 600 kr/time med traktor og 800 kr/time med gravemaskin.

### Fylkesmannens vurdering av søknaden

Beitelaget søkte i år om tre tiltak.

- Utbetring og reperasjon av sankehegne, inkl. lettgrinder. Tiltaket vert støtta med 40 % av godkjente kostnadar, totalt inntil 13 280 kr.
- Utbetring og reperasjon av sperregjerde. Tiltaket vert støtta med 40 % av godkjente kostnadar, totalt inntil 6 400 kr.
- Fem stk. elektronisk sporingsutstyr av typen Find My Sheep. Tiltaket vert støtta med 800 kr. per eining, totalt inntil 4 000 kr.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lovens §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet. Tiltaket med bruk av elektronisk overvaking og oppgradering av eksisterande sperregjerde og sankehavn vurderast til ikkje å være i strid med dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12.

### Vedtak

**Fylkesmannen løyver eit tilskot til Søre Steinsland beitelag org.nr. 999 139 132, konto nr. 3626 44 29131, på til saman 23 680 kr. Tilskotet gis med heimel i forskrifta § 3 Berekning av tilskot og gis under følgande forutsetningar:**

1. Tilskot er ment som et økonomisk bidrag til å dekke deler av utgiftene med tiltaket i tråd med skildringane i søknaden.
2. Dersom nokon av forutsetningane for tiltaket (teknisk/fagleg, økonomisk eller andre årsaker) ikkje lar seg gjennomføre, skal Fylkesmannen omgåande informerast.
3. Dersom kostnadene til gjennomføringa av investeringstiltaket blir lågare enn godkjent kostnadsoverslag, reduserast tilskotet tilsvarende.
4. **Endeleg arbeidsfrist er 1. august 2022.**

Kommunen sender ferdigattest sammen med saldo/utbetalingskort til Fylkesmannen for sluttutbetaling.

### Korleis få utbetalt tilskotet?

For å få utbetalt tilskotet må beitelaget skriftleg be om sluttutbetaling. Dette skal sendast til kommunen saman med vedlagt dokumentasjon på at arbeidet er utført. Dokumentasjon som krevjast er rekneskap og gjerne foto som viser fullført tiltak. Kommunen tilrår sluttutbetaling og sender all dokumentasjon til Fylkesmannen for utbetaling. Delutbetaling undervegs på inntil 75 %



kan vera aktuelt dersom beitelaget har behov for det.

### Kontroll og tilbakebetaling

Kommunen skal bekrefte at tiltaket er gjennomført før Fylkesmannen utbetaler. Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet fører tilsyn med at utbetalingar av tilskot er riktig og har tilgang til all bokføring, korrespondanse og kommentarar som vedkomme tilskotet. Vedtak om innvilga tilskot kan endrast og utbetalt tilskot kan kravast tilbakebetalt dersom det avdekkast forhold som er i strid med det som er forutset ved tildeling av tilskotet

### Klagerett

Beitelaget har rett til å klaga på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at laget har motteke dette brevet, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen. Klagen bør vere grunngjeve.

Med helsing

Otto Galleberg (e.f.)  
Seksjonssjef

Lene Thorud  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER  
MODALEN KOMMUNE Postboks 44 5732 MODALEN